

Foto: TINGH / Terje Aamodt

# Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak (50/50)

Torunn Hopen og Hilde Olsen Smørholm

Møre og Romsdal fylkeskommune

# Informasjon om tilskotsordninga

- Tilskotsordning retta mot kommunane
- Mål: Sikre skolevegar gjennom fysiske tiltak
- Tilskotet dekkjer inntil 50 % av anleggskostnaden*
- For tida 2 millionar kroner til fordeling



Møre og Romsdal fylkeskommune

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| «REF» | «REFDATO» | 2022/424 - 2809/2022 | Hilde Olsen Smørholm | 20.01.2022 |

**Invitasjon til kommunar om å søke trafikktryggingsmidlar med kommunetilskot (50/50) for 2023**

Det er i økonomiplan for Møre og Romsdal fylkeskommune for 2022 – 2025 sett av kr 2 millionar i posten «Trafikktryggingsmidlar (50/50-post)». Dette er eit lågare beløp enn tidlegare (om lag kr 8 millionar tidlegare år) som avgrensar handlingsrommet og ein vil derfor berre vurdere mindre trafikktryggingstiltak.

Når det gjeld utlysing for tildeling av midlar for 2023 tek vi atterhald om fylkestinget si godkjenning av midlar til ordninga i årsbudsjettet for 2023 i desember.

Tilskot gjennom denne løyvinga skal nyttast til mellom anna å sikre skolevegar gjennom fysiske tiltak på «gamle» fylkesvegar og kommunale vegar. Det er ikkje anledning til å søke om tilskot til prosjekt på riksvegar eller vegar som før forvaltningsreforma var klassifisert som riksveg.

Ved tildeling for 2023 ber vi om at kommunane legg den kommunale trafikktryggingsplana til grunn for søknaden om tilskot til trafikktryggingstiltak, jf. St. prp. nr. 1 1998-99 (Samferdselsdepartementet).

Vilkår for 2023-prosjekt:

- Prosjekta må vere godt dokumenterte, og det må gå fram av kart og omtale kva for problem ein vil løyse.
- Prosjekta må i hovudsak vere ferdig planlagde før oppstart og gjennomføring.
- Grunnspørsmål må vere ordna frå kommunen si side i søknaden.
- Kommunal del av finansiering må vere garantert for ved søknadstidspunktet.
- Kostnadsoverslag må vere med i søknaden.
- Prosjekta skal gjennomførast i tildelingsåret.

Det har dei siste åra kome inn fleire lite gjennomarbeida søknader, utan ferdige planer. Dette har ført til at tiltak ikkje har kome i gang i tildelingsåret. Vi vil i tildelinga prioritere tiltak som

Postadresse: Postboks 2500, 6404 Molde • Besøksadresse: Julsundvegen 9 • Telefon: 71 28 00 00
e-post: post@mrfylke.no • www.mrfylke.no

# Krav til søknaden

- Det må komme klart fram av søknaden kva for problem ein vil løyse
- Prosjekta må vere ferdig planlagde, og ev. reguleringsplanar må vere vedtekne
- Planer og kostnadsoverslag skal følgje med søknaden
- Grunnerverv må vere avklart
- Kommunal finansiering må vere garantert for



**Søknad om midlar til fysiske trafikktryggingstiltak med kommunetilskot (50/50) – Møre og Romsdal**

**PROSJEKTSKJEMA – [årstal]**

| Kommune | Vegkategori (Fv/Kv) | Vegnr. |
| --- | --- | --- |
| | | |
| Prosjektnamn | | |
| | | |
| Stadnamn/strekning | | |
| | | |

| Beskriving av problem som skal løysast |
| --- |
| |
| Beskriving av tiltaket |
| |

| Totale anleggskostnadar | Søknadsbeløp (opptil 50 % av totale anleggskostnadar) |
| --- | --- |
| | |

Møre og Romsdal fylkeskommune

# Vilkår for tildelinga

- Tiltaket skal ha ein trafikktryggingseffekt
- Fordel om tiltaket er prioritert i kommunens trafikktryggingsplan
- Tiltaket skal utførast av kommunane
- Tiltaket skal utførast i tildelingsåret
- Det blir ikkje gitt tilskot til kommunar som allereie har prosjekt som er forseinka




*Henta fra Kristiansund kommune si TS-plan*

Møre og Romsdal fylkeskommune

# Rapportering og utbetaling av tilskot

Framdriftsrapport

Oppmoding om utbetaling, vedlagt sluttrapport og avslutta rekneskap

Sluttrapport og rekneskap (eks. MVA) skal vere attestert av kommunerevisor

## 50/50-PROSJEKT

| | Jan | Feb | Mars | April | Mai | Juni | Juli | Aug | Sept | Okt | Nov | Des |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Sende invitasjonsbrev til kommuner | x | | | | | | | | | | | |
| *Søknadsfrist* | | | | x | | | | | | | | |
| *Behandling i Samferdselsutvalget* | | | | | | x | | | | | | |
| *Økonomiplan/budsjettbehandling Fylkestinget* | | | | | | | | | | | | x |
| Tildelingsbrev/avslagsbrev | | | | | | | | | | | | x |
| *Akseptfrist for kommunene* | x | | | | | | | | | | | |
| *Rapporteringsfrist pågående prosjekt* | | | | | | x | | | | | | |
| *Frist for utbetalingsanmodning* | | | | | | | | | | | x | |
| Betale ut tilskudd | | | | | | | | | | | | |

# Eksempel på tiltak

- Veglys
- Fartsdempande tiltak
- GS-veg/fortau
- Trygge haldeplassar
- Kryssingspunkt/undergangar






*Lista er ikkje uttømmande*

# Nye retningslinjer frå 2024

Blei vedtatt politisk 15.06.22

Gjeldande frå 01.01.24

Leggast ut på våre nettsider, mrfylke.no



**Retningslinjer for tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak i Møre og Romsdal fylkeskommune**

Gjeldande frå 1. januar 2024

Fastsett av Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal i møte 15. juni 2022.

**1. Bakgrunn**

Kvart år løyver Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune midlar til trafikktryggingstiltak på og langs fylkesveg og kommunale vegar, delvis finansiert av kommunane. Dette er i tråd med vedtatt økonomiplan og politiske føringar.

**2. Informasjon om tilskotsordninga**

Tilskot gjennom denne ordninga skal nyttast til å mellom anna sikre skolevegar gjennom fysiske tiltak på fylkesvegar og kommunale vegar. Tilskot gjennom ordninga dekkjer 50 % av tiltaket.

Møre og Romsdal fylkeskommune sender i januar kvart år ut brev til alle kommunane i fylket, der kommunane blir invitert til å søke om tilskot. Invitasjonsbrevet inneheld informasjon om kva kommunane kan søke om tilskot til, vilkår for prosjekta, kva slags prosjekt som vil bli prioritert, søknadsfristar m.v. Det blir også sendt ut eit prosjektskjema som må fyllast ut for kvart enkelt prosjekt.

Søknaden skal innehalde følgande opplysningar:

- Kva kommune som søker om tilskot
- Prosjektnamn
- Stadnamn/strekning
- Beskriving av problemet ein ønsker å løyse
- Beskriving av prosjektet
- Totale anleggskostnadar og søknadsbeløp
- Eksisterande planar, politisk behandling av plan og kva slags vedtak som eventuelt er fatta
- Behov og status for grunnerverv
- Kommunen sin kontaktperson for prosjektet
- Oversiktskart/skisse som viser lokalisering av prosjektet

Vi ber om at kommunane legg den kommunale trafikktryggingsplanen til grunn for søknad om tilskot til trafikktryggingstiltak.

For tildeling av midlar til fysiske trafikktryggingstiltak set Møre og Romsdal fylkeskommune følgjande vilkår:

- Prosjektet må vere godt dokumentert, og det må gå fram av kart og omtale kva for problem prosjektet vil løyse.
- Prosjektet må i hovudsak vere ferdig planlagt før oppstart og gjennomføring. For tiltak som krev regulering må det føreligge ein godkjend reguleringsplan ved søknadstidspunktet.
- Grunnerverv må vere ordna frå kommunen si side.
- Kommunal del av finansiering må vere garantert for ved søknadstidspunktet.
- Mindre prosjekt skal gjennomførast i tildelingsåret.
- Større prosjekt skal gjennomførast seinast året etter tildeling.
- Det er ein fordel om tiltaket er prioritert i kommunen sin trafikktryggingsplan.
- Det blir ikkje gitt tilskot til kommunar som har allereie har prosjekt som er forseinka.

Møre og Romsdal fylkeskommune

# Avslutningsvis...

Vil vi dele nokon erfaringar....

...og oppfordrar alle kommunar til å søke om tilskot

Ta kontakt ved spørsmål ☺

# Takk for oss!